

Til Radøy kommune

v/teknisk kontor

Sæbøvågen 03.03.2014

Søknad om dispensasjon frå strandsonelova og arealplan for området

Gnr 84, bnr 16 og 7 i Radøy kommune

Bnr 16. Restaurering og innredning til rorbu i 2. etg er snart ferdig.

- Søkjer herved om etablering av ein sikker- og god rømningsveg frå 2. etg med dør ut på nordsida. Dette med ein utvendig platting og trapp ned til terreng. Dette vil verta ein mykje betre rømningsveg enn brannstige på vegg. I tillegg vil dette verta ein mykje betre løysing i forhold til utleige, då eg no kan skilja dei to etasjane. Legg ved bilde m /teikning
- Vidare søkjer eg om å få byggja ein liten molo, ca 1,25 x 2.50 m ut frå nåverande kai . Dette vil redusere sør-vest vinden som til tider kan væra ekstrem for fortøyde båtar .Legg ved bilde m / teikning

Bnr 7. Naustet er totalrenovert, har stor platting på sørsida – og eiga flytebryggje. Eg søkjer om å få innreie dette naustet til rorbu for utleige. Legg ved teikningar over tenkt innredning.

- Nevnte tiltak er med i prosjektet “nytt liv i gamle sjøhus “ som Fylkesmannen har sett fokus på
- Naboer er varsla og det er ikkje kome merknader
- Landskapet vert ikkje brote opp med nye bygg, då dette er allereie eksisterande byggingar og arbeidet som skal utførast er innvendige tiltak.
- Tiltaket er ikkje til hinder for naboar eller omgjevnader.
- Tiltaka kjem ikkje i komflikt med landskapsomsyn- og vil heller ikkje endra kulturlandskapet
- Nausta er kulturminne, og vi har teke i vare den gamle stilen utvendig. Området som tiltaka ligg i er vanskeleg å nå frå landsida- og er ikkje særleg nytta til friluftsliv

- Tiltaka legg til rette for ny næringsverksemd, noko som er positivt for bygda
- Tiltaka skal nyttast til stadbunden primærnæring, basert på garden sine ressursar

Vedlegg: 5 (fem)

Mvh
Reidar Haukeland

Reidar Haukeland

Eigar av Gnr 84, Bnr 7 og 16 i Radøy kommune